

**FAU v/ Lindås ungdomsskule
SMU v/Lindås ungdomsskule
SU v/Lindås ungdomsskule**

Lindås 12.03.2014

5955 LINDÅS

Mail; karibeta1418@gmail.com

**Lindås Kommune
v/ Ordfører May Eva Sandvik
v/ Rådmann Hogne Haugsdal**

LINDAS KOMMUNE	
Klassering	
14. 03. 2014	
Ark. saksnr	
Saksh.	Tilleggs saksh.

Kvernhusmyrane 41

5914 ISDALSTØ

Kopi: Ingrid Duesund Fjellsbø (Lindås Kommune sin representant i Samarbeidsutvalet)

Heving av standard på uteområdet ved Lindås ungdomsskule

Dei forskjellige samarbeidsorgana ved Lindås ungdomsskule, Skulemiljøutvalet (SMU), Samarbeidsutvalet (SU) og FAU har drøfta standarden på uteområdet ved Lindås ungdomsskule. Det er ei felles oppfatning at uteområdet ved skulen er forfalle og det er behov for å iverksetta ei standardheving.

Bakgrunn for denne henvendinga

Ein gong hadde Lindås ungdomsskule eit uteområde som var svært godt halde og som også var ei perle i Lindåsbygda. Innbyggjarane og elevane var svært stolte av dette. Grunnlaget for eit godt uteområde eksisterer framleis, men mangel på stell fører til at dette ikkje lenger kjem fram.

I møte med representantar for elevane i SU- og SMU-møter har det kome fram at ein stelt uteområde aukar trivselen. Ein kommentar som kom var: «Det er godt å liggja saman på ein nyslått plen i friminutta om våren». I tillegg vart det nemnd at ballbana er vanskeleg å nytta då den er svært tilgrodd.

Skulen er ein svært viktig institusjon i bygda. Etter vår meining vil det senda eit viktig signal til den oppveksande slekt at vi som vaksne og kommunen steller godt rundt skulen. Dette er eit signal vi som vaksne ynskjer å senda.

Naudsynt arbeid

Plenslått

For at elevane skal kunna nytta plenen om våren og hausten, bør den slåast jamt og graset bør samlast opp. Kantar bør også klippast. Dersom ikkje graset vert samla opp, vil elevane dra dette med seg utover. Ein stelt plen er også fin og sjå på for folk som ferdast utanfor skulen.

Bed og beplantning

Det er ein del bed rundt skulen. Dei fleste av desse har busker som beplantning. Her trengs det ei skikkelig ugrasluking og ein skikkeleg klipp om våren. Dette er det best at ein gjer tidleg om våren. Det som er viktig er at det vert gjort fint og skikkeleg. Ein bør ikkje berre gjera ein bein klipp. Etter vår meining er dette noko som berre trengs gjerast ein gong i året.

Mose og gras på ballbane

Ballbana er svært tilgrodd. Det er ikkje så kjekt å spela fotball på ei slik bane. Sport og fysisk aktivitet gjer godt for ungdommar som sit mykje stille i klasseromma. Det er mogleg dette er ein stor jobb, der det trengs større utstyr. Vi ynskjer at kommunen vurderer å gjera dette.

Mose og gras på belegningsstein, m.a. i amfi

Skulen har ein del områder der det er belegningsstein, m.a. det flotte amfiet på baksida av skulen. Desse områda vert fort tilgrodd. Vi reknar med at kommunen har utstyr til å handtera slikt.

Tak og veggjar

Det er mose på tak og grønske på veggane. Dette bør reinsast og fjernast.

Kva kan elevar og foreldre bidra med?

Ved Lindås ungdomsskule har vi tradisjon for at elevane gjennomfører ei vårrydding til 17. mai. Kanskje kan dette kombinerast med eit planlagt arbeid frå kommunen si side. Det er også mogleg at vi kan få litt hjelp frå foreldre på ein slik dag. Dette vil la seg gjera dersom det vert lagt til rette klare og håndterbare einongsoppgåver.

Sluttkommentar og forslag til løysing

Denne henvendinga til kommunen er ikkje eit innspel for å setja i verk ein rehabiliteringsplan ved skulen, men eit innspel for å utføra normalt vedlikehald av ein høgare standard enn det som vert gjort i dag og utbetra det som er forfalle.

I 2012 hadde Lindås kommune ein dedikert person som tok seg av dette vedlikehaldet. Det hadde vore fint om ein kunne få til ei slik løysing i 2014 også.

Vi ynskjer at Lindås Kommune i tillegg kunne avsett nokre dagar til eit par større jobbar, som t.d. reinsing av belegningsstein og ballbane.

Dersom kommunen ynskjer ei synfaring, stiller me gjerne opp for dette.

Med vennleg helsing

FAU


Jeanett Fabricius Jul-Rasmussen
(Leiar)

SMU


Kari Bergås Tangen
(Leiar)

SU


Kari Bergås Tangen
(Leiar)

Kopi av brevet er sendt til rektor Henriette Rolland.